
Fra: Siv-Merete Vedå <siv-merete.vedaa@ngir.no>
Sendt: onsdag 3. juli 2019 11:48
Til: Merethe Tvedt
Emne: SV: Reguleringsplan for del av Mjåtveitmarka - merknader (L)(519688).pdf

Hei Merethe.

Me har sett nærare på saka.

Avsett område for renovasjon er ok med tanke på oppstilling av overflatebeholdarar (tilpassa 19 bustadar).

Ved utviding av bustadområde må ein ta høgde for utviding for standplass, renovasjon.

Tilkomst og område for plassering av dunkar må vera i samsvar med uttale gjeve til reguleringsplan, Høyring og offentleg ettersyn.

Ved endringar må NGIR verte førespurt.

Ynskjer ein nedgravne løysingar må ein ta spesifikt kontakt med NGIR om dette (sjå veileiar).

NGIR vil gjerne vera med på synfaring før området vert ferdigstilt.

Øvrige krav til - og endeleg godkjenning av område må setjast/ gjerast av kommunen.

Tek høgde for å få til eit møte i september.

Venleg helsing

Siv-Merete Vedå
Kunderådgjevar



Nordhordland og Gulen Interkommunale Renovasjonsselskap
Lindåsvegen 1260, 5956 Hundvin
Tlf: 56 34 33 10
www.ngir.no

Følg NGIR på [facebook](#)

Fra: Merethe Tvedt <Merethe.Tvedt@meland.kommune.no>
Sendt: fredag 21. juni 2019 13:34
Til: Siv-Merete Vedå <siv-merete.vedaa@ngir.no>
Emne: VS: Reguleringsplan for del av Mjåtveitmarka - merknader (L)(519688).pdf

Hei Siv Merete Vedaa,

Eg ser at vi har mottatt merknader frå NGIR i samband med offentleg ettersyn av to reguleringsplaner i Meland.

Merknader er av generell karakter, og eg vil vise til tidlegare dialog med dere der vi diskuterte viktigheten av deres uttale i planarbeidet.

Reguleringsplanen er sendt til NGIR som høyringspart i planarbeidet og er ein viktig part i prosessen for å få på plass ei funksjonell renovasjonsløyising.

Her må tilbakemeldingar vera om planforslaget er i tråd med Dykkar plassbehov, hentepunkt, tilkomst til hentepunkt, snumulighet for renovasjonsbilen frå den renovasjonsløyisinga som er foreslått avgjerande. Slik det ser ut no, så er merknaden frå dere den same som blei sendt når oppstart av planen vart varsla.

Av generell karakter er vi kjent med at:

Stad- og tilkomst for henting av avfallsdunkar:

I Meland (og NGIR området forøvrig) kommune har kvart einskild hushald rett til å kunna setja fram opptil to dunkar (to fraksjonar) til levering av avfall kvar veke. Det er viktig at det vert sett av tilstrekkeleg areal for hentestad(ar) for dunkane. Ved fellesløyisingar må behaldarar som gjev same volum pr. hushald veljast. Det bør vurderast moglegheit for nedgravde avfallsløyisingar. I tillegg er det viktig at tilkomstvegar til hentestadar har tilstrekkeleg breidde og tåler tilstrekkeleg akseltrykk, slik at renovasjonsbilen kan nytta dei. Hentestadane bør liggja i eit område som er plant, og renovasjonsbilen må kunna gjera operasjonar utan å vera til hinder for anna ferdsel. Renovasjonsbilen bør kunna snu ved hentestadane. Alternativt må ein ha gjennomkøyringsvegar (for å unngå rygging). Leikeplass og liknande bør ikkje liggja i nærleiken av hentestadane. Tilkomstvegar og snuplassar bør ha fast toppdekke, og verta brøyt når det er snø og is.

Ved høyring/offentleg ettersyn skal NGIR sei om løyisinga som er foreslått er i tråd med det dere ønsker/krev. Om det ikkje er det må foreslåtte endringar varslast no.

Dersom vi ikkje mottar tilbakemeldingar frå dere, vil ikkje forslaget vera som no foreslått.

Høyrer frå dere.

Med vennleg helsing

Merethe Tvedt
Rådgiver planforvaltning
Meland kommune
Epost: merethe.tvedt@meland.kommune.no



Meland kommune
- Eit samfunn for alle -